

Til Austrheim kommune v/kommunestyret

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022

Kontrollutvalet har i møte den 02.06.2023 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022 for Austrheim kommune som er avgitt av kommunedirektør den 22.2.23 og 31.3.23, samt tilhøyrande revisjonsmelding datert 17.04.23.

Kommunen har i 2022 eit netto driftsresultat på kr. 2 738 216. Kommunedirektør og økonomisjef har gitt kontrollutvalet utfyllande orientering om årsrekneskapen og årsmeldinga og svart på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen/årsmeldinga. Revisor har gitt kontrollutvalet utfyllande orientering i møtet og svart på spørsmål frå kontrollutvalet.

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og ei samla vurdering tilrår difor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2022 blir godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på at til trass for aukte inntekter er kostnadsnivået for høgt i forhold til budsjett og dette er ikkje ei berekraftig utvikling for kommunen.

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 17.04.23, har kontrollutvalet ikkje merknadar til Austrheim kommune sin årsrekneskap og årsmeldinga for 2022.

Austrheim, 02.06.2023

Kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet